

Naboar og offentlege høyringsinstansar

Dato: Ålesund 10.10.19
Vår ref: Johan Gustavsson
Dykkar ref:

Varsel om oppstart av detaljregulering av gnr/bnr 15/183, 15/190 m.fl. – Haugbukta


I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 varslar vi med dette oppstart av arbeid med detaljregulering av eit areal langs sjøsida av Sykkylven sentrum. Innanfor planområdet blir det no gjort nye tomteindelingar, slik at her vil kome nye gards- og bruksnummer.

Planarbeidet blir utført av Nordplan AS på vegne av Haugbukta AS v/HIG Eiendomsforvaltning AS. Oppstartsmøte med Sykkylven kommune blei gjennomført 20.08.19, sjå vedlagt møtereferat.


Planområdet er i gjeldande områdeplan for Sykkylven sentrum (20.6.16) sett av til sentrumsformål, område BS23. Det er sett krav i områdeplanen om: «Før utbygging skal det utarbeidast detaljreguleringsplan for området. Detaljreguleringa skal vise planlagde bygg, gangareal, parkering, internt trafikkareal og terrengbehandling».

Føremål med planarbeidet

Plana skal legge til rette for daglegvarebutikk og tre etasjar med leilegheiter over butikkarealet. Planlagt utnytting av arealet vil i hovudsak vere i tråd med gjeldande områdeplan.



Ortofoto med oversiktskart.




Plangrense vist med stipla tjukk strek.

Tilkomst til området er tenkt via eksisterande rundkøyring nordaust for planområdet. Undervegs i reguleringsprosessen vil plassering av noverande regulert fortau aust i planområdet bli vurdert flytta vest for Haugneset - vegen. Gangforbindelsen vil bli knytt til gang og sykkelveg som går under fylkesvegen.

Det skal etablerast parkering på terreng for kundar til butikken og bebuarar. I tillegg skal det etablerast parkering for dei besøkande til NAV/Legevakta. Det skal og leggst til rette for sykkelparkering.

Strandsona skal sikrast for ålmenta i samsvar med gjeldande områdeplan. Her planleggast det nærleikeplass og turveg.



Gjeldande områderegulering (vedtatt 20.6.16). Med plangrense stipla inn med svart strek.

Planen utløyer ikkje krav om konsekvensutredning eller planprogram.

Medverknad

Dette brevet varslar at reguleringsprosessen er i gang, og at det er mogleg å kome med innspel til oppstart av reguleringsarbeidet. Alle innkomne innspel vil bli vurdert og kommentert i planforslaget. Når planforslaget er utarbeidd vil politisk handsaming avgjere om planforslaget skal leggest ut til offentleg ettersyn. Da er det mogleg å kome med merknader til planforslaget.

Frist for innspel til oppstartsvareselet

Oppstart av reguleringsarbeid er kunngjort i Sykkylvsbladet 11.10.19. Oppstartsvareselet ligg også på Sykkylven kommune si heimeside, samt på Nordplan si heimeside:
<https://www.nordplan.no/kunngjeringar/> .

Vi ber om å få tilsendt eventuelle innspel til dette oppstartsvareselet **innan 11.11.2019** (4 veker).

Innspel kan sendast per e-post til jg@nordplan.no eller per post til Nordplan AS, avd. Ålesund, Notenesgata 14, 6002 Ålesund.

Med helsing
for Nordplan AS



Johan Gustavsson
Sivilarkitekt/arealplanleggar
Mob. 402 25 105
jg@nordplan.no

Vedlegg

Møtereferat frå oppstartsmøtet med Sykkylven kommune, datert 10.10.19.
Kart med planavgrensing i målestokk 1:1000.